

Handlingsplan – Helse sosial omsorg 2023-2024

«Skal me bevara må me endra»

Lesarretteiing:

Denne handlingsplanen heng saman med overordna mål og strategiar i Kommunedelplan HSO 2023-2033. Dei overordna måla fortel korleis me vil ha det, og strategiane peikar ut retning for korleis me skal gjera det. Handlingsplanen viser prioriterte handlingspunkt for perioden 2023-24. Planen vil bli rullert i 2024, nye handlingspunkt vil då kunna bli prioritert. Det er her viktig å merkja seg at planen ikkje er utfyllande når det gjeld endrings- og utviklingsarbeid i tenestene.

Handlingspunkta er delt i handlingar utan angitt økonomisk effekt (oppdrag = «O») og handlingar med angitt effekt/ behov for endringar i driftsbudsjettet (tiltak = «T»). Nokre handlingspunkt har og innverknad på investeringsbudsjett, desse er merka «I».

Dersom du ynskjer å få meir informasjon og dei ulike punkta finn du det i [Grunnlagsdokumentet](#) som høyrer til Kommunedelplanen. Det er vist til kapittel i fyrste kolonne.

		Oppdrag/ tiltak i 2023-2024	V 23 (pågåar)	H 23	V24	Oppdrag/ Tiltak/ Inve- stering
Samfunnsutvikling og tilrettelegging Kap 2	01.	Oppretta funksjon som samfunnskontakt i HSO			x	T +
	02.	Kvalitetssikra malar for avtalar og rammevilkår rundt samarbeid med frivillige			x	O
	03.	Arrangera erfaringssamling med tema endringsprosessar (informasjon, medverknad og samskaping)		x		O
Førebyggjande helsearbeid, rehabilitering og meistring/ deltaking/ tilrettelegging Kap 3.1.-3.3.	04.	Evaluera gjeldande modell for frisklivstilbod og førebyggjande tiltak. Vurdera ny organisering			x	O/ T +
	05.	Konkretisera framlegg til endringar i rehabiliteringstilbod og behov for auka ressursar (innan juni 2023). Auke i ressursar blir vurdert i budsjett for 2024	x	x	x	O/ T+
	06.	Styrkja samhandling med logoped	x	x		O
	07.	Planleggja og gjennomføra «Bu lenger heime»-kampanje i samarbeid med Eldrerådet og Pensjonistforbundet Bømlo		x	x	O
	08.	Laga plan for korleis kommunen bør bistå med tilrettelegging av bustadar til eldre og personar med nedsett funksjonsevne, vurderer behov for endringar i organisering og/ eller auka ressursar		x		O/(T+)

	Oppdrag/ tiltak i 2023-2024	V 23 (pågåar)	H 23	V24	Oppdrag/ Tiltak/ Inve- stering
Tiltak som gjeld for fleire tenester	09. Vurdera felles bruk av nattevaktressursar for alle tenester med døgnbemanning	x	x		O/T -
	10. Gjera ein heilskapleg gjennomgang av tilbod til personar med demens og deira pårørande, mellom anna gjennom deltaking i eksternt læringsnettverk	x	x		O
	11. Vurdera behov for, og eventuelt organisering av brukar-/ pårøranderråd		x		O
	12. Gjennomgå status på tema eldre og tannhelse, identifisera forbettringsområder og laga tiltaksplan		x		O
	13. Vurdera status på systematisk ernæringsarbeid. Arrangera open fagdag der ei beskriv dagens situasjon og vurderer evt behov for vidare oppfølging			x	O
	14. Kvalitetssikra rutinar på bruk av individuell plan og koordinator			x	O
Ergo-/fysioterapi-teneste Kap 3.4.	15. Auka kapasitet		x		T +
Psykisk helse-tenester og rusarbeid Kap 3.5.	16. Innføra «Rask psykisk helsehjelp» frå 16 år og oppover			x	O/T +
	17. Tilsetja psykolog i vaksentenestene (minimum 50% stilling)			x	T +
	18. Aktivitetstilbod -Nyving (innhald): Vidareutvikla eksisterande tilbod i samskaping med brukarar, samfunnet rundt og frivillige. Vidareføra recoverykurs	x	x	x	O
	19. Aktivitetstilbod– Nyving (lokale): Avklara framtidig lokalisering då tenesta har midlertidige lokale. Behovet må sjåast i samanheng med sentrumsutvikling, økonomi/ investering, og utvikling av tomta til gamle Bremnes Ungdomsskule				
	20. Prøva ut nytt tiltak med lågterskeltilbod til personar med rusavhengigheit	x	x	x	O (T)
	21. Styrkja og utvikla samarbeid på psykisk helseområdet med Barne- og familietenesta			x	O
Tenester for menneske med	22. Vidareføra arbeid med innhald i tenestene («målretta miljøarbeid»)	x	x	x	O
	23. Vidareføra arbeid med styring av overgangar frå barn til vaksenteneste	x	x	x	O

	Oppdrag/ tiltak i 2023-2024	V 23 (pågåar)	H 23	V24	Oppdrag/ Tiltak/ Inve- stering
utviklings-hemming/- forstyringar Kap 3.6.	24. Arbeids-/aktivitetstilbod (innhald): a. Vidareføra arbeid med utvikling av innhald, samhandling med eksterne og overgangar frå vidaregåande skule b. Vurdera implementering av «Helt med» - ordninga i Bømlo	x	x	x	T+
	25. Arbeids-/aktivitetstilbod (lokale): Tilbodet blir vurdert å ha lite hensiktsmessige/ framtidretta lokale. Behovet må sjåast i samheng med sentrumsutvikling, økonomi/ investering, og utvikling av tomta til gamle Bremnes Ungdomsskule				
	26. Vurdera og gjennomføra endringar for å møte ei framtid med strammare økonomiske rammer og mindre tilgong på arbeidskraft (til dømes, alternativ organisering, meir bruk av teknologiske løysingar, meir samskaping med frivillig sektor/ samfunnet)			x	x
Heimetenester (generelt) Kap 3.7.	27. Auka kapasitet			x	T +
	28. Vurdera samorganisering av Bømlo heimeteneste og heimetenestene i Sørå Bømlo omsorgsområde			x	O/ T -
	29. Vidare utprøving av tiltak som betra og forenkla dialog mellom brukar/ pårørande og tenestene, mellom anna ta meir i bruk digitalt dialogverktøy	x	x	x	O
	30. Vurdera og prøva ut kva oppgåver som kan utførast av andre enn helsepersonell og/ eller kvar det kan nyttast meir velferdsteknologi	x	x	x	O
	31. Vidareutvikla tilbod på palliativ omsorg i samarbeid med institusjonsnivå, legetenesta og frivillige/ våketeneste	x	x	x	O
32. Samhandling med fastlegane: Henta erfaringar frå utprøving av primærhelseteam eller anna form for styrka samhandling med fastlegane			x	O	
Aktivitetstilbod (eldre, personar med demens, andre helse- utfordringar) Kap 3.8.	33. Auka kapasitet			x	T +
	34. Møteplassar: Vurdera målgruppe og lokalisering. Prøva ut alternative samarbeids-/driftsmodellar med frivillig sektor, næringsliv og samfunnet forøvrig		x	x	O/ (T+)
	35. Behovsvurderte tilbod: Vurdera målgrupper og lokalisering (både faste tilbod og satelittilbod). Prøva vidare ut ambulerande tilbod og meir fleksible tilbod på ettermiddag og helg	x	x	x	T+

	Oppdrag/ tiltak i 2023-2024	V 23 (pågåar)	H 23	V24	Oppdrag/ Tiltak/ Inve- stering
	36. Vurdera å oppretta sjukepleieklipp for nokre heimesjukepleieoppgåver i aktivitetstilbodet			x	O
	37. Vurdera betalingsmodellar			x	O/T
«Omsorgs pluss» - tilbod Kap 3.9. <i>(jf. òg bustad-plan)</i>	38. Arbeida vidare med innhald i omgrepet «Omsorg pluss» <i>(jf. bestilling i budsjettdokument)</i>	x	x	x	O
	39. Moster: Vidareføra arbeid med avklaringar om rehabilitering av omsorgsbustader i samarbeid med Moster burettslag med føremål om å skapa eit «Omsorg pluss»- tilbod (dette må sjåast i samanheng med plan for vidare utvikling av Moster Servicesenter til eit mogeleg dagaktivitetstilbod)	x	x	x	O/T+/I
	40. Svortland: Vidareutvikla leiligheter i Sokkelen på Bømlo bu og helsesenter (BBH) til å bli «Omsorg pluss»- tilbod		x	x	O/T+/I
	41. Langevåg: Utgreia «Omsorg pluss»-tilbod på Bømlo omsorgstun som inkluderer dagaktivitetstilbod		x	x	O/T+/I
Sjukeheimstilbod Kap 3.10.	42. <ul style="list-style-type: none"> - Vurdera å redusera kapasitet på institusjonsplassar/ endring i drift for å vri ressursar mot tiltak til heimebuande og andre prioriterte førebyggjande oppgåver der ein i dag ikkje har kapasitet/ tilbod. - Gjera ei samla vurdering av tilbod på langtids plassar, kortids plassar, rehabilitering og avlastning. I denne samanheng utgreia etablering av <ul style="list-style-type: none"> - meir spesialiserte plassar for enkelte diagnosegrupper - forsterka skjerma eining - øyremerka palliativt tilbod 		x	x	O/ T-
	43. Rehabiliterer kjøkken på Bømlo bu- og helsesenter	x	x		I
	44. Oppgåvedeling og rett kompetanse: Jobbe for sjukepleiarteam og for å styrkja helsefagarbeidar-gruppa. Vurdera deltaking i nasjonalt TØRN-prosjekt	x	x	x	O (T)
	45. Aktivitet og fellesskap: Vidareføra arbeid med å laga betre uteområde/ sansehagar og utvikla samarbeid med frivillige skular og barnehagar, samt vurdera opplegg som «livsgledehem»	x	x	x	O
	46. Samarbeid med pårørande: Arrangere pårørandesamling for alle og tilby pårørandesamtale på individnivå ein gong i året, og ta meir i bruk Digihelse som kommunikasjonsverktøy	x	x	x	O

	Oppdrag/ tiltak i 2023-2024	V 23 (pågåar)	H 23	V24	Oppdrag/ Tiltak/ Inve- stering
	47. Ta i bruk meir digitalisering/ velferdsteknologi som støttefunksjon i avdelingane, inkl digital vaktbok for tilsette. Utgreie sjuke signalanlegg (funksjonalitet og kostnad)		x	x	T+/I
Legetenester Kap 3.11.	48. Styrka legeressurs/hjelpepersonell for å sikra rett listekapasitet på Bømlo. Ta inn ein ekstra LIS 1 lege og leggja til rette for medisinstudentar		x	x	T +
	48. Jobba med gode og føreseielege spesialiseringsløp	x	x		
	50. Avklara areal til legekontor tilpassa kortsiktige og langsiktige behov på (Svortland)		x		T/I
	51. Jobba med fagmiljø, internundervisning og kvalitetssystem	x	x	x	O
	52. Evaluera status i høve rekruttering og stabilitet m.o.t. legedekning i interkommunal legevakt. Dette sett i samanheng med nasjonale tiltak og tilrådingar.		x	x	O
Sosial- og velferdstenester Kap 3.12.	53. Vidareutvikla prosjekt «Barn har noko viktig å seie»	x	x	x	
	54. Auka stillingsressursar til gjeldsrådgjevar			x	T +
	55. Vidareutvikla satsing på arbeidsretta oppfølging tiltak av flyktningar og Jobbsjansen	x	x	x	
	56. Arbeidstilbod (Basen): Tilbodet blir vurdert å ha lite hensiktsmessige lokale. Nye lokale blir vurdert i samanheng med økonomi/ investering og sentrumsutvikling, inkl bruk av tomt til gamle BUS.				
Pårørande Kap 3.14.	57. Gå gjennom og implementera tilrådingar frå Nasjonal pårørandestrategi			x	O
Krisesentertilbod og vald i nære relasjonar	58. Bidra til å vidareføra påbegynt arbeid med nytt bygg for Krisesenter vest IKS i tråd med politiske vedtak	x	x	x	I
	59. Bidra i arbeidet med å ferdigstill plan for vald i nære relasjonar	x	x		O
Samhandling med eksterne	60. Bidra aktivt i utviklinga av Helsefelleskap i samarbeid med helseføretak og andre kommunar i Helse Fonna sitt opptaksområde	x	x	x	O
Rekruttering og kompetanse	<i>Det blir utarbeida eigen fagplan med handlingspunkt på dette området</i>				
Bustadsosial plan	<i>Det blir utarbeida eigen fagplan med handlingspunkt på dette området</i>				